

# KOMPETANSEPLAN NKR - BARNEHAGE

## Regional ordning for kompetanseutvikling barnehage - REKOMP

### Juvikstølen barnehage

- Kartlegging

Kva kartleggingsverktøy har vore nytta? Grunngjeving for val av verktøy.

Vi har nytta Ståstadanalysen for barnehage, hovudtema og 2 tilleggstema → Kropp, rørsle, mat og helse samt Mengd, rom og form.

Og eit skjema for kompetansekartlegging for personalet.

Noen kommentarar:

Ut frå rammebetingelsane som tid - ca. 1 månad på gjennomføring, finne møtefora for å jobbe med det, økonomi m.m. valte dei kommunale barnehagane å nytte Ståstadanalysen og at det var pedagogiske leiarar og styrar som deltok i kartlegging, refleksjon og drøfting.

Under drøftinga reflekterte vi også rundt kartlegging og statistikk. Kom inn på punkt som:

- kva synleggjer kartlegging av barnehagen sin praksis og kva spør kartlegginga ikkje etter.
- Statistikk kan misbrukast.
- Kva er målet med undersøkinga.
- Under fagområdet Mengd, rom og form diskuterte vi leik og læring. Kor går balansen / grensen på å «misbruke» leiken til innlæring av akademisk kunnskap? La barn få vere barn. Barnet har verdi i kraft av å vere seg og skal ikkje berre bli målt ut frå sine prestasjoner. Viktig å jobbe med den sosiale og emosjonelle utvikling (DUÅ).
- Denne kartlegginga seier ikkje noko om leiarrolla og personalleining. T.d. korleis motivere og ansvarleggjere dine medarbeidarar som du leier. Evna di som leiar til å kunne sjå samanhengar...

- Forankring

Korleis er kompetanseplanen forankra? Kven har delteke i arbeidet og prosessen? Referat?

For Juvikstølen barnehage som er ein kommunal barnehage er der ein felles kompetanseplan for dei tre kommunale barnehagane. Hovudsatsingane er Kommunale føringar som satsing på DUÅ og språk.

- Identifisert behov

Kva kompetanseutviklingsbehov har de identifisert i dykkar barnehage? Prioriter dersom fleire.

Det som kom fram i kartlegginga var at når det gjeld Ståstadanalysen skårte vi rødt på at der er behov for å jobbe meir med at personalet legg til rette for at barna utforskar, leiker, lærer og sjølv skapar noko gjennom digitale uttrykksformer. Og at der må jobbast meir med fagområdet Mengd, rom og form. Når det gjelder kompetansekartelgging av personale ser vi at der er behov for veiledningskompetanse hos personalet og at vi har mange assistenter utan formell kompetanse.

Refleksjonar rundt Mengd, rom og form viser:

– Vi har kompetansen når ein ser kva Rammeplanen seier om dette fagområdet. Vurderer ikkje at det er her vi treng kurs for å heve kompetansen.

– Handlar om prioriteringar. Vi har t.d. satsa mykje på DUÅ og språk.

– Vi må t.d. verte endå betre på å jobbe tverrfagleg, t.d. når vi jobbar med bøker og dialogisk lesing, vere bevisst på også å velje litteratur som går på mengd, rom og form.

Når det gjeld personalet si tilrettelegging for at barna utforskar, leiker, lærer og sjølv skapar noko gjennom digitale uttrykksformer treng barnehagen eit løft både i forhold til utstyr og kunnskap om skapande digitale uttrykksformer saman med barna. Her vil her være ei satsing i Lindås kommune frå 2020 som går på IKT for dei kommunale barnehagane.

Vi vurderer derfor at prioriteringa vår må gå på veiledningskompetanse hjå pedagogane.

Kva argument meiner de kommunen og regionen skal vektlegge når ein skal prioritere dette/desse kompetanseutviklingstiltaket/-a

Behov for veiledningskompetanse hjå pedagogane sidan der er mange tilsette som ikkje er barnehagelærarar. For å kunne oppfylle det Rammeplanen seier om vaksenrolla er der behov for at pedagogar veileder assistenter og fagarbeidarar.

Stad/dato

Juvikstølen 06.11.18

Christine Teigland

Styrar i Juvikstølen barnehage